



SAMNANGER KOMMUNE

Reglement for Utvalet for oppfølging av arbeidsgjevaransvar

Vedteke av formannskapet 30.05.2024 i sak 37/2024

Innhald

1	Heimel og målsetting for reglementet.....	3
1.1	Heimel for reglementet.....	3
1.2	Målsettinga med reglementet.....	3
2	Om utvalet for oppfølging av arbeidsgjevaransvar	3
2.1	Formålet med utvalet.....	3
2.1.1	Utviklingssamtalar med rådmannen	3
2.1.2	Innstilling om endringar i lønns- og arbeidsvilkår for rådmannen.....	3
2.2	Kva periode tvalet er oppretta for	3
2.3	Val av medlemmer til utvalet.....	3
2.4	Samansetnad av utvalet	3
2.5	Økonomi og administrasjon	4
2.6	Møtegodtgjersle	4
3	Verknadstid og endring av reglementet	4

1 Heimel og målsetting for reglementet

1.1 Heimel for reglementet

Reglementet er heimla i Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) § 5-13.

Det går fram av kommunelova § 5-13 at folkevalde organ skal ha eit reglement som fastset

- a) organet sitt virkeområde og eventuelle vedtaksmynde
- b) tidsperioden som organet er oppretta for
- c) eventuelle andre bestemmelsar om organet si verksemd

1.2 Målsettinga med reglementet

Målsettinga med dette reglementet er å gje reglar for utvalet for oppfølging av arbeidsgjevaransvar.

2 Om utvalet for oppfølging av arbeidsgjevaransvar

Utvalet for oppfølging av arbeidsgjevaransvar er eit arbeidsutval som er oppretta av formannskapet, med heimel i kommunelova § 5-6 tredje ledd.

2.1 Formålet med utvalet

2.1.1 Utviklingssamtalar med rådmannen

Utvalet skal på vegner av formannskapet gjennomføra utviklingssamtalar med rådmannen. Innhaldet i utviklingssamtalane bør vera i samsvar med anbefalingane frå Kommunesektorens organisasjon (KS) i heftet «Folkevalgtes arbeidsgjevaransvar».

2.1.2 Innstilling om endringar i lønns- og arbeidsvilkår for rådmannen

Utvalet skal gje innstilling til formannskapet om endringar i lønns- og arbeidsvilkår for rådmannen. Utvalet bør ta utgangspunkt i dei kriteria for lønnsvurdering som som KS anbefaler i heftet «Folkevalgtes arbeidsgjevaransvar». Det går fram av Hovudtariffavtalen kapittel 3, punkt 3.4.1 at rådmannen har rett til å la seg bistå av tillitsvald eller nytta seg av sentral bistand i samband med lønnsvurderinga.

2.2 Kva periode tvalet er oppretta for

Utvalet er oppretta for valperioden 2024 – 2027.

Etter kommunestyrevalet i 2027 må det nyvalde formannskapet avgjera om utvalet skal vidareførast.

2.3 Val av medlemmer til utvalet

Formannskapet vel medlemmene til utvalet. Berre faste medlemmer i formannskapet kan veljast som medlemmer. Valet skal gjennomførast i samsvar med reglane i kapittel 7 i kommunelova.

2.4 Samansetnad av utvalet

Utvalet har følgjande medlemmer i perioden 2024 – 2027:

- Ordførar
- Varaordførar
- Leiar av det største opposisjonspartiet

2.5 Økonomi og administrasjon

Utvalet har ikkje eige budsjett. Utvalet skal ved behov få nødvendig sekretariatshjelp av administrasjonen i kommunen.

Utvalet tek sjølv avgjerd om kva administrative rutinar som skal gjelda for utvalet.

2.6 Møtegodtgjersle

Med unntak av ordføraren har medlemmene i utvalet rett til møtegodtgjersle etter reglane i Samnanger kommune si forskrift om godtgjersle, dekking av utgifter m.m. for folkevalde.

3 Verknadstid og endring av reglementet

Dette reglementet gjeld for valperioden 2024 – 2027.

Reglementet kan endrast av formannskapet.